



Bjørn Ove Martinsen  
Titlandsvegen 281  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6508 - 14/21170

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
19.09.2014

## Svar på søknad om løyve til etablering av driftsavkjørsle frå kommunal veg - gbnr 129/1 og 2, Titland Søndre

Teknisk drift syner til brev datert 08.09.2014 vedkommande søknad om løyve til etablering av driftsavkjørsle frå kommunal veg – gbnr 129/1 og 2, Titland Søndre.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av driftsavkjørsle frå kommunal veg på følgjande vilkår (standart krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle. Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Det skal opparbeidast snuareal på eigen grunn, slik at rygging inn/ut frå kommunal veg unngåast.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart.

### **Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig hos byggesak.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964, samt vegnormal N100 som at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

2 stk. kart

**Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak  
Lindås kommune ved vegavdelinga

**Mottakarar:**  
Bjørn Ove Martinsen

Titlandsvegen 281 5912

SEIM